



Ingrid Bu plantar spirea

Fleire byggeprosjekt er godt i gang i bygda og eitt av dei er det til Frode Bu (Norges hus) på Ytre Eik.

Vanlegvis er det slik at den grønne ramma rundt kjem sist i samband med slike prosjekt.

Men slik er det ikkje i dette høvet. På Ytre Eik har familien Bu prioritert det grønne slik at det er klart i god tid før innflytting!

No er Ingrid Bu, med god hjelp av Silvia frå Polen, igang med å ramme inn friareal og parkeringsplass for 3 nye bueiningar med ein flott spireahekk. Den vil verta ein effektiv skjerm mot fylkesvegen .

Det første huset på området har no kome så langt at Ronny Njåstad med familie truleg kan flytta inn denne veka. Hus nummer to, der Ingrid sin son Terje og Samantha skal bu, inn vil bli innflytta ein gong i sommar utan at det er mogeleg å seia det meir eksakt no.

I alle tilfelle tyder alt på at dette nye bustadfeltet vil bli ein triveleg plass sjølv om det opprinneleg var eit grustak her.

Frå famiilehald oppfanga vi denne replikken:- Mamma kunne ikkje sittja stille, difor får vi ein spireahekk allereie no!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Det blir ei fin innramming av bustadområdet.